

Medlem og varamedlem i Eidfjord fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-50  
Journalpostid: 23/3143

Saksh: Linda Ågotnes Kaland  
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033  
Dato: 28.03.2023

## Møtebok 27.03.2023

**Tid:** Kl. 10.00 - 11.00

**Stad:** Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

### Frå fellesrådet møte:

Marete Sæbø, Sigrid Bu, Frode Eriksen, Ole-Johnny Odland, Johanna Håbrekke.  
Magnar Røise hadde forfall, som vara møte Aslak Læg Reid.  
Harald Næss hadde forfall, der var ikkje kalla inn vara.

### Frå administrasjonen møte:

Linda Kaland (møtesekretær vikar)

### Til å skriva under møtebok:

Marete Sæbø (leiar) og Ole-Johnny Odland (medlem)

### Sak 94 – Godkjenning av møtebok

Møteboka frå førre møte, 21.02.23 vart godkjent.

### Sak 95 - Eldrevaktmeistertenesta/heimebaserte tenester i kommunen.

Leiar for heimetenester, Kari Helland Bu og ergoterapeut, Eva Meland, stilte til handsaminga av saka.

Einingsleiar helse og omsorg, Karin Flatabø Thrane hadde forfall grunna sjukdom.

### Kari og Eva informerte:

Eldrevaktmeister er ikkje ei teneste, men praktisk bistand. Til dømes for utføring av oppgåver som å bere inn ved, måke snø, kjøyre fram bossdunk og andre små oppgåver som å skifte lyspære, batteri i røykvarslar og liknande.

Bistand skjønnsvurderast etter behov. Ved større oppgåver som måling og liknande må ein leiga seg hjelp.



Ved søknad om eldrevaktmeister teneste er det viktig å oppgjje behov. Det er heimetenesta som tildelar. Rolf Arne Ramsdal fungerer som eldrevaktmeister. Drift & forvaltning organiserar vikar for Rolf, slik at tenestene som er faste vert utført.

### **Spørsmål og svar:**

Lett å finna informasjon og kor?

Står ikkje noko direkte om eldrevaktmeister, men det kjem under praktisk bistand. Ved heimabesøk kan det koma fram behov for hjelp, då får dei søknadskjema frå heimetenesta.

Retningslinjer, målgruppe?

Skjønnsvurdering om kva vedkomande ikkje kan/klarar å gjere.

Oppfølging?

Når heimetenesta er på besøk fylgjer dei opp.

Brukt mykje?

Faste tenester som å setje ut bossspann, bere ved og snømåking.

Kan dei utan tilknytning til heimahjelptenesta få vaktmestertenesta?

Det må søkjast og vurderast for kvar enkelt. Det vert ei skjønsmessig vurdering av behov og funksjonsgrunnlag, samt om dei evt. har andre mogelegheiter eller pårørande som kan hjelpe.

Heimabesøk til alle over ein viss aldar?

Ikkje begynt med det her, men det er eit ynskje frå helse om å få dette på plass. Då er det ulike ting ein må ta stilling til, som til dømes kva alder det skal gjelda frå.

### **Rådet ynskjer å få info om eldrevaktmeisterntenesta i Eidfjordnytt.**

Viktig å opplysa kva hjelp ein kan få og kven som kan få hjelpa, kva kriteriar der er for å få hjelp. Ynskjer at det står telefonnummer dei kan ringe, for eksempel sekretæren på bygdaheimen?

Om tenestetorget vert kontakta angående spørsmål om eldrevaktmeister tenesta bes dei henvise/kontakta rette vedkomande ved bygdaheimen.

### **Sak 96 – Søknad om midlar til Sparebankstiftinga Hardanger**

Søknad om midlar til å kjøpa treningsapparat og benk til uteområdet ved bygdaheimen.

Søknadsfrist Sparebankstiftinga: 31.03.23. Sakshandsamar sendar inn søknad. Leiar har vore i kontakt med fleire og innhenta brosjyrar.

Sender inn søknad med tilbod på treningsapparat Skywalker frå Norsk lek og park. Kostnad Kr: 29 900 eks.mva,- pluss frakt kr: 3 500,-. (Vil be kommunen vere behjelpelig med å sette det opp.)

Vil henta inn pristilbod på betongbenk med ryggstøtte som sendast inn med søknaden.  
Tunge ting leverte benkene som er utanfor kommunehuset, ringe dei for pristilbod eller høyre med Lisbeth.

Rådet ynskjer og ein benk nede ved Eidfjordvatnet der med ramma. Tek dette vidare med Lisbeth.

**Sak 97 Ymse:**

- Problemer med medisin levering i frå Odda: Får ikkje medisin, kjem ikkje gjennom på telefon. Kan me få medisin frå Voss?
- Fastsett varighet på fysioterapitime?  
Ikkje nokon fastsatt behandlingstid/lengd, kvar enkelt vert behandla etter vurdering av fysioterapeuten.

**Sak i neste møte:**

Detaljer og informasjon om medisinleveringsavtalen me har, og om det er mogeleg å endra til ein avtale med apotek på Voss.

Sakshandsamar kontaktar helse og høyrer om dette. Videreformidlar svar i neste møte, eller avtalar med helse at dei kjem og orienterar.

---

Leiar

---

Medlem

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Linda Ågotnes Kaland  
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok